

Acron Project As
Andøyfaret 31
4623 Kristiansand S

Vår referanse
26/196 26/12073

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Jan Driveklepp

Dato
08.05.2026

Melding om kontraktstildeling – Prosessleing – Nytt samlokalisert omsorgssenter

Herøy kommune (oppdragsgjevar) syner til dykkar tilbod i vår tilbodskonkurranse – Prosessleing - Nytt samlokalisert omsorgssenter.

Oppdragsgjevar har no evaluert tilboda, og avgjort konkurransen. Vi har gleda av å informere om at de har levert det beste tilbodet og vert tilboden kontrakt.

1. Om konkurransen

Anskaffinga er gjennomført med heimel i lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR-2016-08-12-974 del II. Konkurransesgrunnlaget vart 29. januar 2026 kunngjort på Doffin, med frist for å levere tilbod innan 23. februar 2026 kl. 12:00.

Basert på dei grunnleggande prinsippa i LOA § 4, samt FOA § 10-1, vert det gitt ei skrifteleg og samtidig melding til leverandørane om tildelinga, samt ei grunngjeving for våre vurderingar kring val av leverandør før kontrakten vert inngått.

Det vert sendt brev til alle leverandørane som har deltatt i konkurransen.

2. Oversikt over deltakarane i konkurransen

Følgjande leverandørar leverte tilbod i konkurransen innan tilbodsfristen:

- Acron Project AS
- AFRY Norway AS
- AFRY Norway Advisory AS
- Dimensjon AS
- HRP AS
- Norconsult AS
- OPAK AS
- Spera AS

- Sporstøl Arkitekter AS

Ingen leverandører har fått sitt tilbud avvist.

3. Om evalueringa

Evalueringa er gjennomført i samsvar med opplyste tildelingskriterium, og med opplyst vekting. Det er nytta førehandsdefinerte underkriterium ved vektinga.

I samsvar med opplyst vektingsmodell er kriteria «Kompetanse og erfaring» og «Tilnærming» evaluert etter ein relativ modell, der det beste tilbudet vert gitt 10 poeng. Normalisering av poeng er gjort med lik poeng, slik at dersom det beste tilbudet fekk 9 poeng, så er alle gitt 1 poeng ekstra ved poengsettinga. Normalisering er berre gjort innan tildelingskriteriet «Kompetanse og erfaring».

4. Rangering av tilboda og poengoversikt

Denne tabellen syner poengfordelinga og rangeringa av tilboda:

		Acron Project AS		Dimensjon AS		Spera AS		HRP AS		AFRY Norway AS	
Tildelingskriterium	Vekting	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Pris	30 %	7,26	2,18	8,16	2,45	6,20	1,86	8,45	2,53	10,00	3,00
Kompetanse og erfaring	30 %	10,00	3,00	8,75	2,63	9,13	2,74	8,13	2,44	8,63	2,59
Tilnærming	40 %	10,00	4,00	9,70	3,88	10,00	4,00	5,15	2,06	3,15	1,26
Total score			9,18		8,95		8,60		7,03		6,85
Rangering			1		2		3		4		5
		Sporstøl Arkitekter AS		Norconsult AS		AFRY Norway Advisory AS		OPAK AS			
Tildelingskriterium	Vekting	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng		
Pris	30 %	7,82	2,35	5,60	1,68	7,19	2,16	7,58	2,27		
Kompetanse og erfaring	30 %	6,50	1,95	5,50	1,65	7,13	2,14	4,75	1,43		
Tilnærming	40 %	6,10	2,44	8,10	3,24	4,70	1,88	5,40	2,16		
Total score			6,74		6,57		6,17		5,86		
Rangering			6		7		8		9		

5. Evaluering av dykkar tilbod

Pris (30%)

På tildelingskriteriet «Pris» har de fått 7,26 poeng.

Dykkar tilbodne pris i prisskjema er 1 840 000 NOK. Beste tilbodne pris er 1 444 000 NOK

Kompetanse og erfaring (30%)

På tildelingskriteriet «Kompetanse og erfaring» har de fått 10,00 poeng, noko som inneberer at oppdragsgjevar vurderer dykkar tilbodet som svært godt.

Utdanning, kurs, sertifiseringar, mv.

Tilboden prosessleiar (PL) har relevant utdanning på masternivå, med relevant tilleggsutdanning. PL har ei rekke svært relevante kurs knytt til prosess-styring, Lean, framdrift, økonomi og risikostyring, kreative prosessar m.m..

Stadfortredande prosessleiar (SPL) har relevant teknisk utdanning på masternivå. Har ikkje tilleggsutdanning, men har ei rekke kurs innan mellom anna offentleg anskaffingar, prosjektstyring, Lean, og tekniske krav innan bygg.

Det er gitt 9,0 poeng. Basert på vektingsmodell er det gitt 10 poeng som beste tilbod.

Erfaring, mv.

PL har lang og god erfaring. Erfaringa er hovudsakleg knytt til arbeid som prosessleiar i tidlegfase av helse- og omsorgsbygg. Har arbeidserfaring frå ulike føretak og roller, og er grunder og dagleg leiar i eige føretak. Har prosessleia arbeid med behovsanalysar, medverknadsprosessar og arbeid med saksgrunnlag i store og komplekse prosjekt. God kjennskap til Husbanken sine retningslinjer.

SPL har lang erfaring frå byggherre-, rådgjevar-, og entreprenørsida. Opplyser å ha leia komplekse offentlege byggeprosjekt gjennom tidlegfase og vidare fasar. Skildring av utførte aktivitetar indikerer hovudsakleg erfaring innan prosjektleiing, men dokumenterer og noko prosesserfaring som til dømes medverknadsprosessar. Skildringa av prosesserfaring og konkrete prosessaktivitetar kunne vore meir detaljert.

Det er gitt 8,5 poeng. Basert på vektingsmodell er det gitt 10 poeng som beste tilbod.

Relevant prosesserfaring med relevans for oppdraget

PL sine opplyste referanseprosjekt er svært relevante innan prosessleiing, og alle prosjekta er relatert til helse- og omsorgsbygg. PL har i tillegg hatt rolla som helsefagleg rådgjevar i to av prosjekta. Prosjekta dokumenterer god kompetanse innan brukarmedverknad, behovsanalysar, m.m. i prosjekt med samlokalisering av tenester.

SPL har levert referanseprosjekt innan sjukeheim, der det er gjennomført aktivitetar som til dømes medverknadsprosessar og behovs- og kapasitetsanalysar som er svært relevant for oppdragsgjevar. Dei to andre prosjekta har eit større preg av prosjektleiing, og aktivitetane i prosjekta er av mindre relevans for oppdragsgjevar. Medverknadsprosessane synast å ha hatt mindre breidde enn i oppdragsgjevar sitt prosjekt. Lite opplyst om erfaring i implementering av velferdsteknologi i referanseprosjekta.

Det er gitt 8,5 poeng. Basert på vektingsmodell er det gitt 10 poeng som beste tilbod.

Tilnærming (40%)

På tildelingskriteriet «Tilnærming» har de fått 10,00 poeng, noko som inneberer at oppdragsgjevar vurderer dykkar tilbodet som svært godt.

Leverandør har levert ein velstrukturert skildring av si løysing og gjennomføring av ønska leveranse. Skildringa svarar presist på krav stilt i oppdragsgjevars kravsspesifikasjon.

Planlegging og koordinering

Leveransen blir organisert som ein fasestyrt og beslutningsstyrt utviklingsprosess. Definerte leveransar i kvar faseovergang, noko som sikrar at beslutningsmodenheit. Lagar prosessplan som vert utvikla i samråd med oppdragsgjevar og tilpassa oppdragsgjevar sine behov. Leverandør operasjonaliserer politiske vedtak og sikrar framdrift. Skildra metodikk og innhald i fasane. Presisert at behovsanalysen dannar grunnlag for vidare val i prosjektet.

Skildrar godt prosjektspesifikke risikofaktorar, og opplyser at for kvar risikofaktor vert det definert konkrete tiltak, ansvar og oppfølgingstidspunkt.

Systematisk og god skildring. God skildring av fasar. Forstår at leveransen gjeld ein prosess. Poengterer godt at bygget/arkitekturen skal støtte opp om bygget sitt formål. Har ei heilheitleg tilnærming til prosessen, som gjev rom for modning av prosjektet gjennom prosessen. Forstår at prosjektet både er eit bygge- og organisasjonsutviklingsprosjekt.

Det er gitt 10 Poeng

Prosess-styring

Prosessleiinga byggjer på ein strukturert metodikk der framdrift, kvalitet og forankring vert styrt gjennom faste prosessar og tydelege ansvarsforhold. Prosjektet skal utviklast som ein kunnskapsprosess der rett informasjon er tilgjengeleg for rett nivå til rett tid, og med tydeleg samanheng mellom aktivitet, leveranse og beslutning. Skildra eit prosjektspesifikt styringssystem. Presiserer prosessleiaren sitt ansvar for beslutningsgrunnlaget.

Leverandør har fokus på arbeidet med risikostyring og usikkerheit. Svært god skildring av identifisering og tiltak knytt til dette. Prosjektet vert gjennomført i tråd med verksemda sitt kvalitetssystem, med tydelege krav til planlegging, gjennomføring, kontroll og kontinuerleg forbedring i alle fasar. Framdriftsplan har god detaljgrad, og er svært godt visualisert i leverandør sin presentasjon.

Det er gitt 10 poeng

Kommunikasjon, medverknad og samhandling

Medverknad og kommunikasjon er integrert i utviklingsprosessen og ikkje som enkeltstående aktivitetar. Strukturert medverknadsprosess er avgjerande for å sikre forankring, realistiske løysingar og eit godt beslutningsgrunnlag.

Prosessleiaren har ansvar for å planleggje og gjennomføre ein medverknadsstruktur som sikrar involvering av aktørane. Aktørar vert involvert på rett tidspunkt og i rett grad. Svært god skildring av korleis ulike aktørar vert involvert, og innspel systematisert og brukt. Pluss for klar presisering av prosessleiaren sitt ansvar og gjennomføring.

God skildring om korleis kommunikasjons- og medverknadsprosessane vert utført, innhald i kommunikasjonsplan, interessentanalysar, kommunikasjonsplattformer, bruk av digitale løysingar for medverknad, og liknande. Problemstillinga vart svært godt avklart og visualisert i leverandøren sin presentasjon.

Det er gitt 10 poeng

Kontinuerleg forbetring

Sterk fokus på kontinuierleg forbetring. Felles evaluering ved avslutning av kvar fase, med vurdering av måloppnåing, m.m., saman med oppdragsgjevar. Løpande evaluering av prosess og framdrift, og handtering av risiko, avvik og tiltak.

Bruk av Lean-prinsipp for å effektivisere prosessar. Milepålar og leveransar vert systematisk evaluerte med tanke på forbetring av prosessdesign, møteform og informasjonsflyt. Utarbeider plan for gevinstrealisering, og har skildra innhald på denne. Kontinuerleg forbetring omfattar også vurdering av alternative gjennomførings- og finansieringsmodellar i samarbeid med oppdragsgjevar.

Det er gitt 10 poeng

Digitalisering og verktøy

Digitale verktøy vert nytta som ein integrert del av prosessleiinga for å sikre strukturert informasjonsflyt, open samhandling og tydelege beslutningsgrunnlag gjennom heile prosjektet. Løysinga støttar opp under prosess-styringa, redusere risiko for informasjonsbrot og sikre at oppdragsgjevar til ei kvar tid har tilgang til oppdatert og etterprøvbar kunnskap.

Nyttar ein digital prosjektstruktur der alle sentrale dokument, analysar og leveransar vert lagra og gjort tilgjengelege for dei som har behov for dei.

Leverandør skildra ei rekke digitale prosess- og modellverktøy som leverandør vil nytte i planlegging, arbeidsmøte, og ulike medverknadsprosessar. Nyttar visualisering til synleggjering av løysingar og konsekvensar av val.

Poengterer at digitale løysingar legg til rette for enkel kunnskapsoverføring til oppdragsgjevar. Bruk av digitale løysingar er svært godt visualisert i leverandøren sin presentasjon.

Det er gitt 10 poeng

6. Karensperiode og kontraktsgnering

Avtalen er ikkje inngått før kontrakten er signert av begge parter. I samsvar med Anskaffingsforskrifta skal det være ei karensperiode frå tidspunktet oppdragsgjevar gjev

melding om kontraktstildeling, til avtalen vert signert. Vi gjer for ordens skyld merksam på at oppdragsgjevar på visse vilkår kan gjere om avgjersla om å tildele kontrakten til dykk.

Karensperioden går ut 18. mai 2026. Etter denne datoen vil oppdragsgjevar inngå kontrakt.

De vil bli kontakta vedkomande kontraktsigneringen.

7. Takk for deltakinga

På vegne av oppdragsgjevar takker vi for tilbodet og for arbeidet som er lagt ned i utarbeidinga av tilbodet.

Oppdragsgjevar ser frem til eit godt samarbeid med vald leverandør.

Med helsing

Jan Driveklepp
spesialrådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar			
Acron Project As	Andøyfaret 31	4623	Kristiansand S

Kopi til
Gro-Anette Frøystad
Voldsund
Marit Sævik Leinebø